



Hjelmås Vvs AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13185 - 20/80323

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
17.12.2020

## Avslag på søknad om dispensasjon for etablering av minirensesanlegg samt søknad om etablering av minirensesanlegg - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1374/20  
**Tiltakshavar:** Olav Thorsheim  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås Vvs AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i § 4.1.1 sikringszone (H100) i kommuneplan sin arealdel 2019-203 for tidlegare Lindås kommune, jf. plan- og bygningslova § 19-2, vert det ikkje gjeve dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatn for etablering av minirensesanlegg.

Med heimel i plan- og bygningslova § i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det ikkje gjeve løyve til etablering av minirensesanlegg.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Sak 20/13185 gjeld søknad om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatn for etablering av minirensesanlegg. Drikkevatnet, Storavatnet, er hovuddrikkevatnkjelda til tidlegare Lindås kommune.

Det skal oppgraderast godkjent utsleppsløyve for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve for eit bustadhus på gbnr 181/11. Bustadhusa på gbnr 181/1 har i dag utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 181/11 har i dag godkjend utsleppsløyve for gråvatn. Det er gjort greie for at oppgradering av utsleppet frå bustadane på gbnr 181/1 føreset at det vert gitt utsleppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11. Det skal etablerast felles minirensesanlegg av

typen Klargestør biodisc med etterpolering der utslippet skal gå vidare til etablert jordbruksgrøft. Det skal installerast vassklosett på gbnr 181/11 som ikkje har vassklosett i dag. Utslippet sin storleik er oppgitt til 15 pe.

### **Historikk**

I sak 20/2350 er det gjeve avslag etter forureningslova på søknad om utslippsløyve i administrativt vedtak saksnr. 480/19, datert 18.11.2019.

Avslaget er påklaga og klagen var handsama i klagenemnda sak 003/20, datert 06.05.2020 med følgjande vedtak:

*«Klagenemnda utset saka. Klagenemnda sender saka attende til administrasjonen for ei grundigare vurdering av om omsøkt nytt anlegg, eller eksisterande anlegg, har størst risiko for forureining av Storavatnet.»*

Klagen på avslag på utslippsløyve vart handsama av Klagenemnda i møte den 15.06.2020, med følgjande vedtak:

*«KLAG- 006/20 Vedtak: Klagenemnda gjev klagar medhald, og sender saka tilbake til administrasjonen for utforming av vedtak med eventuelle naudsynte vilkår for å ivareta krav i forureiningslova. Klagen vert teken til følge.»*

Klagenemnda tok klagen til følge og sendte saka tilbake til administrasjonen for utferdigelse av utslippsløyve med naudsynte vilkår, men søknad om utslippsløyve kan etter forureiningsforskriften § 12-4 bokstav i ikkje ferdig handsamast før det ligg føre dispensasjon frå kommunens planmyndighet sidan utslippet er i strid med endelege planer etter plan- og bygningsloven. Dette betyr at det ikkje ligg føre utslippsløyve før det er gitt dispensasjon til etablering av minireinseanlegg.

Det vert elles vist til søknad om etablering av minireinseanlegg av 18.06.2019. Søknaden har lagt på vent for samordning med søknad om utslippsløyve mottatt same dato. Søknad om dispensasjon er mottatt den 27.08.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.08.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato med inntil fire veker for høyring til andre mynde slik at dato for handsaming vert 17.12.2020.

### **Planstatus**

Kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 i tidlegare Lindås kommune gjeld for området. Planen vart godkjend i møte i kommunestyret 15.10.2019. Eigedomane ligg innanfor sikringsone H110\_sD03 som er nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune (Storavatnet). I samsvar med føresegn 4.1.1 er drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H110) med vedtekne klausular for bruk, bandlagt og skjerma. Det er ikkje tillat med tiltak som er i strid med drikkevafnforokriffta, jf. føresegn 3.5.13.

Det er forbod mot å forureina drikkevafn. Forbodat omfattar alle aktivitetar, frå vasstilsigsområdet til tappepunktta, som medfører fare for at drikkevafnet blir forureina. Innanfor nedslagsfeltet kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslipp i området. Tiltak innanfor sona må og forholde seg til gjeldande klausuleringar for området.

Det er administrasjonens vurdering at etablering av avløpsanlegg vil vere i strid med omsynssona nedslagsfelt for drikkevatn og krevja dispensasjon frå byggeforbodet i omsynssona etter plan- og bygningslova.

Det følgjer av § 4.1.1 sikringszone (H100) Kommuneplan sin arealdel 2019-2031 i tidlegare Lindås kommune:

#### **4.1.1. SIKRINGSSONE (H100)**

**Nedslagsfelt for drikkevatn (H110), drikkevannsforskriften § 4, jf. § 26.**

**Drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H110) med vedtekne klausular for bruk, er bandlagt og skjerma.**

Det er forbod mot å forureine drikkevatn.


Forbodet omfattar alle aktivitetar, frå vanntilsigsområdet til tappepunkta, som medfører fare for at drikkevatnet blir forureina. Med aktivitetar er det også meint friluftsliv og anna utøving av allemannsretten. Der det er fastsett beskyttelsestiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller restriksjonar etter § 26, gjeld forbodet brot på desse. I vanntilsigsområda kan landbruksaktivitet foregå dersom det ikkje forureinar drikkevatnet eller medfører brot på beskyttelsestiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller restriksjonar etter § 26. Innanfor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje først opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.

Abonnentane skal ha eigna sikring mot tilbakestrømming i samsvar med krava i plan- og bygningslova og byggeteknisk forskrift for å hindre at drikkevatnet i distribusjonssystemet blir forureina.

Tiltak må og forhalde seg til klausuleringar som gjeld for drikkevatn.

**Kart/foto**

Grunnkart




Utsnitt kart KPA med sikringssone – nedslagsfelt drikkevasskjelde





Utsnitt situasjonskart, datert 14.06.2019



### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevattn for etablering av minireinseanlegg, jf. § 4.1.1 sikringssone (H100) i kommuneplan sin arealdel 2019-203 for tidlegare Lindås kommune, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

### Søknad om dispensasjonssøknad

Vi viser til brev fra Alver kommune den 24.6.2020 der det bes om at det blir sendt søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i omsynssona som gjeld ved Storavatn. Frist for søknad er sett til 1. september, jf. brev frå Hogne Askeland.

Alver kommune v/ Klagenemnda har gjeve løyve til utsepp i vedtak datert 15.6.2020. Utsleppsløyve er gitt til eksisterande bustader på gnr/bnr 181/1 og 181/11 i Alver kommune.

Eigedomane ligg i ei sikringssone rundt Storavatn, jf. pkt. 4.1.1. i planføresegnene. Det går frem av pkt. 4.1.1 i planføresegnene at «Innanfor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje ferast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utsepp i området.»

Omsynet bak byggeforbodet innanfor sikringssona er å sikre at drikkevatnet innehar god kvalitet, og at risikoen for forureining i drikkevatnet ikkje aukar.

Det omsøkte utseppet som kommunen no har godkjent vil medføre at bustadane på eigedomane får eit moderne renseanlegg med dagens standard. Det er ein stor fordel at avløps situasjonen for bustadane kjem i ordna forhold, og med dagens moderne standard. Bnr 1 har pr i dag ei gamal og utdatert avløpsordning med spreddegrøft slik som var vanleg før i tida. Det er difor ein fordel at anlegget blir modernisert. Det er også ein stor fordel at bustaden på bnr 11 får ordna avløpsforhold med gråvatn og svartvatn. Vi legg ved søknad om avløp som Olav Thorsheim sendte kommunen den 6.6.2019 og som beskriv det tekniske anlegget mv.

I og med at saka gjeld eksisterande hus, og det er naudsynt med moderne avløp, meiner vi at det er grunnlag for at kommunen gir dispensasjon frå byggeforbodet i sikringssona i medhald av pbl § 19-2. Etablering av nytt, moderne renseanlegg for eksisterande bustader ivaretek sikringssona og omsynet til drikkevatnet. Omsynet bak føresegna om sikringssone blir difor ikkje vesentleg tilsidesatt; tvert imot fremjar søknaden om utsepp til nytt renseanlegg omsynet bak sikringssona. Vidare er fordelane med å gi dispensasjon klart større enn ulempane etter ei samla vurdering. Det er vanskeleg å peike på kva som er ulempane med tiltaket. Men det er openbert fordelar med å etablere eitt nytt og sikkert avløpsanlegg.

Ein ber etter dette om at dispensasjon frå sikringssona vert innvilga. **Nabovarsel er ikkje sendt Statens vegvesen då ein ikkje har sett det som naudsynt.**

### Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Miljøretta helsevern i Alver kommune den 05.11.2020:

«Den 14.10.20 mottok Miljøretta helsevern førespurnad om uttale i sak 20/13185 - Søknad om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatn for etablering av minireinseanlegg og for søknad om utseppsløyve for gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim.

Miljøretta helsevern har vurdert dispensasjonssøknad.

Kommunen har som oppgåve å sikre innbyggjarane godt drikkevatn. Auka utseppsløyve kan gje auka risiko for forureining av Storavatnet, som er hovuddrikkevatnkjelda i Alver kommune.

Risikoen for forureining av hovudvasskjelda i kommunen, og dei konsekvensar det kan medføre er i ikkje i samsvar med gjeldande forskrifter.

Ut i frå ei samla vurdering, kan ikkje Miljøretta helsevern tilrå at det vert gjeve utsleppsløyve eller dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatn.

Vurderinga er utført jamfør;

Forskrift om miljørettet helsevern § 2 og Drikkevannsforskriften §4.»

Det er stadfesta av avdeling for Forvaltning, Samferdsel, veg vatn og avløp v/Arne Helgesen at uttale i sak 20/2350, dater 25.02.2020, i høve søknad om utsleppsløyve også skal gjelde som uttale i noverande sak 20/13185:

Drikkevannsforskriften §4:

#### § 4. Forurensning

Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbudet omfattar alle aktiviteter, frå vanntilsigsområdet til tapfare for at drikkevannet blir forurenset. Med aktiviteter menes også friluftsliv og annan utøvelse av allemannsbeskyttelsestiltak etter § 12 eller restriksjoner etter § 26, gjeld forbrudd på disse. I vanntilsigsområda foregå dersom det ikkje forurenser drikkevannet eller medfører brudd på beskyttelsestiltak etter § 12 eller r

Abonnentene skal ha egnet sikring mot tilbakestrømming i samsvar med kravene i plan- og bygningslova for å hindre at drikkevannet i distribusjonssystemet blir forurenset.

Ny kommuneplan sin arealdel i Lindås 2019-2031:

##### 4.1.1. SIKRINGSSONE (H100)

Nedslagsfelt for drikkevatn (H110), drikkevannsforskriften § 4, jf. § 26.

Drikkevasskjelder med tilhørande nedslagsfelt (H110) med vedtekne klausular for bruk, er bandlagt og skjerma.

Det er forbod mot å forureine drikkevatn.

Forbodet omfattar alle aktiviteter, frå vanntilsigsområdet til tappepunkta, som medfører fare for at drikkevatnet blir forureina. Med aktivitetar er det også meint friluftsliv og anna utøving av allemannsretten. Der det er fastsett beskyttelsestiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller restriksjonar etter § 26, gjeld forbodet brot på desse. I vanntilsigsområda kan landbruksaktivitet foregå dersom det ikkje forureinar drikkevatnet eller medfører brot på beskyttelsestiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller restriksjonar etter § 26. Innanfor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.

Abonnentane skal ha eigna sikring mot tilbakestrømming i samsvar med krava i plan- og bygningslova og byggtknisk forskrift for å hindre at drikkevatnet i distribusjonssystemet blir forureina.

Tiltak må og forhalde seg til klausuleringar som gjeld for drikkevatn.

Krava til drikkevassforsyning, samt sikring og vern av vasskjeldene, har eit stadig større fokus, særleg etter at drikkevatnet i Askøy vart forureina og to personer døde samt at 2000 personar vart syke



summaren 2019. I drikkevannsforskriften frå 1. januar 2017, der det i paragraf 4 er nedlagt eit generelt forbod mot å forureine drikkevann og der forbodet også gjeld all aktivitet som medfører fare for slik forureining. Saman med det rettslege rammeverket skal dei gjeldande føresegner knytt til kommuneplanen sin arealdel og klausuleringsføresegnene for området ivareta dette.

Saka gjeld auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn på gbnr 181/11. Utsleppet skal etablerast innafør sikringssone H110\_sD03 som er nedslagsfelt til hovuddrikkedrikkevasskjelda i Lindås kommune. Innafor nedslagsfelt for drikkevatt kan det ikkje godkjennast tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg rette for auka bruk, jf. føresegn 4.1.1. og 3.5.13 i kommuneplanen i Lindås sin arealdel 2019-2031. Kommuneplanen vart godkjent den 15.10.2019. Å oppgradere utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn inneberer ein vesentleg auke av eksisterande utslepp. I følgje føresegn 4.1.1 må tiltak også forholde seg til klauseringar som gjeld for drikkevatt. Eit auka utslepp for eigedomen er heller ikkje i samsvar med § 4 i klausuleringsføresegnene der det er fastsett at bustadar og hytter innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært skal ha biologisk klosett utan avløp. Med ny kommuneplan vert vurderinga enda strengare og innskrenkar adgangen til auke av eksisterande utslepp i vesentleg grad. Kommunen vil ikkje tilrå at eigedomen gis auka utsleppsløyve.

I sak 18/1075 i Lindås kommune med gbnr 182/8 var det søkt om utskifting av eksisterande avløpsanlegg til minirensanlegg. Eigedomen hadde eit godkjent utsleppsløyve for svartvatn frå gammalt av. Det var same type utslepp, men med ny reinseløysning. Det var i saka gjeve positiv uttale frå teknisk drift på vilkår. Saka er no avslutta utan vedtak. Søknaden vart vurdert opp mot gamal kommuneplan. Ved innsending av ny søknad frå gbnr 182/2 vert søknaden vurdert på ny opp mot planstaus i ny kommuneplan og klausuleringsføresegnene som kan gje ein endra vurdering frå teknisk drift.

Det vert vist til uttalanene i sin heilhet som ligg vedlagt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.06.2019.

På situasjonsplanen er noverande situasjon med eksisterande slamavskiljarar vist og ny situasjon med nytt avløpsanlegg.

#### **VURDERING:**

##### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.



Søknad om etablering av avløpsanlegg vil vere i strid med omsynssona nedslagsfelt for drikkevatt og krevja dispensasjon frå byggeforbodet i omsynssona etter plan- og bygningslova.

Omsynssone med byggeforbod i nedslagsfelt for drikkevatt er tatt inn i revisjonen av kommunedelplanen for Lindås i 2019 i tidlegare Lindås kommune. Dette er gjort i samband med ei endring av drikkevattforskrifta, der ansvaret for drikkevatt er skjerpa og ein stor del av ansvaret for sikring av drikkevatt er flytta frå statleg mynde til kommunen.

Kommunen har ein streng praksis når det gjeld dispensasjon frå forbodet til tiltak i nedslagsfelt for drikkevatt. I desse sakane har private interesser måtte vike for det overordna omsyn til folkehelse (drikkevatt), uavhengig av det omsøkte tiltaketets forureiningsgrad. Betydinga av eit tiltaks forureiningsgrad er politisk vurdert i det aktuelle plangrunnlaget og det er satt forbod mot nye tiltak og utsepp i nedslagsfelt for drikkevatt.

Samfunnet har dei siste åra hatt ei auka fokus på folkehelse og tilgang på og sikring av drikkevasskjelder. Kommunen har eit særleg ansvar for sikring av drikkevatt til innbyggjarane i kommunen. Det leggas stor vekt på at Miljøretta helsevern samt vatn og avløpsavdelinga i Alver kommune er negativ til søknad om dispensasjon for utseppsløyve og etablering av minireinseanlegg.

Administrasjonen vil i denne samanheng også vise til vurderinga gjort i sak 20/2350 om søknad om utseppsløyve samt dom frå Frostating Lagmannsrett (LF-2011-206994), om avslag på søknad om oppføring/rehabilitering av treplattung/terrasse etter plan- og bygningslova rundt en hytte i LNF-område og ved Jonsvatnet, som er drikkevasskjelda til Trondheim.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak omsynssona nedslagsfelt for drikkevatt vert sett vesentleg til side som følgje av utseppsløyve og for etablering av minireinseanlegg det er søkt dispensasjon for. Når omsynet vert sett vesentleg til side er det ikkje grunnlag for å vurdere om fordelane ved dispensasjon er større enn ulempene.

Vilkåra for å gje dispensasjon for frå byggeforbod i omsynssona for nedslagsfelt for drikkevatt for etablering av minireinseanlegg er ikkje oppfylt. Når det ikkje vert gjeve dispensasjon vert søknad om etablering av minireinseanlegg avslått.

### Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13185

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Uttale frå miljøretta helsevern angående søknad om dispensasjon frå byggeforbod i omsynssone for nedslagsfelt for drikkevatt - gbnr 1811 og 18111 Torsheim (233878)  
Kart

Uttale klage på utsleppsløyve - GBNR 181/1 og 181/11 Torsheim

## Kopi til:

Hjelmås Vvs AS	Torvhusmyrane 5913 2	EIKANGERVÅG
Olav Thorsheim	Vassbygdvege 5912 n 484	SEIM

## Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS	Torvhusmyrane 5913 2	EIKANGERVÅG
Olav Thorsheim	Vassbygdvege 5912 n 484	SEIM